



Hardangerrådet iks



## Team Hardanger

### Innkalling til møte i Team Hardanger

Onsdag 30.08.2023, kl 09.00 - 16.30

Stad: Aleksandra hotel, Loen

09.00 - 10.00	Team Hardanger
10.00 - 12.30	<b>Nordfjordreådet:</b> Vekstregionen; Samarbeid; Strategi <b>Nordfjord Opplæringskontor</b> også om Nordfjordakademiet
12.30 - 13.30	Lunsj
13.30 - 16.30	Team Hardanger

### Sakliste

#### 1. Team Hardanger - Oppgaver

Kva vil me med Hardanger? Mandat

#### 2. Diskusjon utifrå dagens og gårtdagens inspirasjon

#### 3. Status frå kvar kommune, næringsshagane og Visit Hardangerfjord


#### 4. Innmeldte saker

Vel møtt !

Kinsarvik 23.08.2023

Mona Hellesnes/s  
Leiar

Jostein Eitrheim  
Sekretær



Møtedato 30.08.2023	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

## TH-sak 1.23 Team Hardanger (TH) - Mandat/oppgåver

### Saksvedlegg:

**Mandat for Team Hardanger godkjent i Rådmannsforum 23.01.2015**

**Revidert mandat (utkast) frå 2023**

### Saksutgreiing:

Skilnaden på om arbeidet i TH lukkast eller mislukkast ligg ikkje i korleis dei ulike punkt i mandatet er formulert, men korleis medlemmene forhold seg til punkta gjennom tillit, vilje og ambisjonar for å lukkast.

Gjennom å avklara:

- Kva oppgåver ein skal samarbeida om
- Korleis ein skal samarbeida, kven gjer kva
- Kva konkrete oppgåver TH skal prioritera

kan arbeidet i TH gje dei resultat ein ønskjer.

Det vil vera avgjerande for styrken i TH at mandatet og arbeidet er forankra i eigarkommunane. Eit spørsmål som bør drøftast er om leiar av rådmannsforum bør vera fast medlem i TH.

Fokusområda for TH er regionale og såleis felles for alle Hardangerkommunane. Derfor er det viktig at TH er tydelege på kva mål ein har for Hardangerregionen og korleis ein tenkjer å nå måla. Ressursane må brukast til det beste for styrking av heile regionen. Opne prosessar, tillit, samarbeid og delekultur er stikkord for kva som må til for at Hardangerregionen skal lukkast i arbeidet for folketalsvekst, nye arbeidsplassar, rekruttering, rett kompetanse og fleire attraktive bustader.

Regionalt samarbeid må vera grunnmuren for arbeidet i TH. Det krev at alle som deltek i teamet viser vilje til å løfta gode saker opp i TH og dra nytte av den krafta og ressursen som ligg i regionale samarbeidsprosjekt. I mange høve er kommunen ei unaturleg avgrensing for eit prosjekt. Bu- og arbeidsregionen dvs. Hardanger vil ofte vera ei meir korrekt og robust avgrensing.

TH bør drøfta å laga årleg handlingsplan/årshjul.

### Framlegg til vedtak:

Team Hardanger tilrår revidert mandat og oversender dette til rådmannsforum for godkjenning.



## REVIDERT MANDAT TEAM HARDANGER

### “Godkjent 2023”

#### Nettverk og partnerskap.

- ❖ TH er eit fagleg nettverk mellom: ~~næringskontaktane og etablerarrettleiingarane~~
  - næringsansvarlege i kommunane/herada i Hardanger
  - Hardanger og Voss Næringsshage
  - Næringsshagen i Ullensvang
  - Visit Hardangerfjord
- ❖ TH har ~~regionalt næringsarbeid med nyskaping, etableratenester og tilrettelegging~~ næringsutvikling dvs. rekruttering, kompetanse og bustadutvikling som hovudfokus.
- ❖ TH sine medlemmer utfyller og utviklar kvarandre gjennom erfaringsutveksling, inspirasjon, motivasjon og kollegarettleiing.
- ❖ TH er eit partnerskap som motiverer, inspirerer, støttar og gjev auka kompetanse for lokalt og regionalt næringsarbeid.

#### Oppgaver.

- ❖ TH skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleiing i utviklingsarbeidet i for Hardangerregionen.
- ❖ TH skal halda kvarandre oppdaterte på aktuelle næringspolitiske saker og næringsutviklingstiltak som er på gang i kommunane/herada.
- ❖ TH skal halda seg oppdaterte på og samhandla med fylkeskommunale og statlege næringsstrategiar og handlingsplanar.
- ❖ TH skal sjå på tvers av kommunegrenser i tiltak dei arbeider med til beste for regional utvikling.
- ❖ TH skal ha fokus på alle bransjar som vil medverka til styrkja næringslivet i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til regionale tiltak som kan styrkja eksisterande verksemdar og som kan skapa nye verksemdar i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til og leggja tilrette for konkrete felles aktivitetar og koordinerande tiltak i samarbeid med næringslivet i regionen.
- ❖ TH kan arrangera kurs og studieturar for næringsaktørane i regionen.

#### Samspelsreglar.

- ❖ Nettverksleiinga går på omgang mellom ~~medlemmene~~ kommunane. Hardangerrådet held sekretariat for TH.
- ❖ Fellesprosjekt eller einskildtiltak som gir suksess i ein kommune er suksess for heile regionen
- ❖ Alle deltakarar i nettverket er ambassadørar for regionen.
- ❖ Nettverksarbeidet er basert på openheit, støtte og tillit mellom partane.
- ❖ Alle partane har eige ansvar for eigen aktivitet i nettverket.
- ❖ Nettverksarbeid i einskildsaker kan omfatta alle eller nokre av deltakarane i TH.
- ❖ Deltakarane i TH informerer kvarandre om dei fellesprosjekt som vert etablerte.
- ❖ Det skal vera rom for at det i einskildsaker er konkurranse mellom kommunane om t.d. etablering av næringsverksemd. Alle parter har likevel eit felles ansvar for at slik konkurranse ikkje går utover regionen sin samla interesse.
- ❖ Der det kan vera motstridande interesser innan nettverket, er det viktig at ein er open i forhold til det og møter problemstillingane i framkant.
- ❖ Det er viktig at det regionale arbeidet er godt forankra i den einskilds deltakar sin kommune/organisasjon til ei kvar tid.



Hardangerrådet iks



Hardanger

## MANDAT TEAM HARDANGER

Godkjent i Rådmannsforum 23.01.2015.

### Nettverk og partnerskap.

- ❖ TH er eit fagleg nettverk mellom næringskontaktane og etablerarretteleiarane i kommunane/herada i Hardanger.
- ❖ TH har regionalt næringsarbeid med nyskaping, etableratenester og tilrettelegging som hovudfokus.
- ❖ TH sine medlemmer utfyller og utviklar kvarandre gjennom erfaringsutveksling, inspirasjon, motivasjon og kollegarettleiing.
- ❖ TH er eit partnerskap som motiverer, inspirerer, støttar og gjev auka kompetanse for lokalt og regionalt næringsarbeid.

### Oppgåver.

- ❖ TH skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleiing i utviklingsarbeidet i Hardangerregionen.
- ❖ TH skal halda kvarandre oppdaterte på aktuelle næringspolitiske og næringsutviklingstiltak som er på gang i kommunane/herada.
- ❖ TH skal halda seg oppdaterte på og samhandla med fylkeskommunale og statlege næringsstrategiar og handlingsplanar.
- ❖ TH skal sjå på tvers av kommunegrenser i tiltak dei arbeider med til beste for regional utvikling.
- ❖ TH skal ha fokus på alle bransjar som vil medverka til styrkja næringslivet i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til regionale tiltak som kan styrkja eksisterande og som kan skapa nye verksemdar i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til og leggja til rette for konkrete felles aktivitetar og koordinerande tiltak i samarbeid med næringslivet i regionen.
- ❖ TH kan arrangera kurs og studieturar for næringsaktørane i regionen.

### Samspelsreglar.

- ❖ Nettverksleiinga går på omgang mellom medlemmene. Hardangerrådet held sekretariat for TH.
- ❖ Fellesprosjekt eller einskildtiltak som gir suksess i ein kommune er suksess for heile regionen
- ❖ Alle deltakarar i nettverket er ambassadørar for regionen.
- ❖ Nettverksarbeidet er basert på openheit, støtte og tilitt mellom partane.
- ❖ Alle partane har eige ansvar for eigen aktivitet i nettverket.
- ❖ Nettverksarbeid i einskildsaker kan omfatta alle eller nokre av deltakarane i TH.
- ❖ Deltakarane i TH informerer kvarandre om dei fellesprosjekt som vert etablerte.
- ❖ Det skal vera rom for at det i einskilde saker er konkurranse mellom kommunane om t.d. etablering av næringsverksemd. Alle parter har likevel eit felles ansvar for at slik konkurranse ikkje går utover regionen sin samla interesse.
- ❖ Der det kan vera motstridande interesser innan nettverket, er det viktig at ein er open i forhold til det og møter problemstillingane i framkant.
- ❖ Det er viktig at det regionale arbeidet er godt forankra i den einskilde deltakar sin kommune/organisasjon til ei kvar tid.